

Aktivitetsplan 2005 / 2006

Arrangement	Dato	Mnd	Komite
Julekonsert	18. des		*Styret og noteutval
Juletrefest	28. des		*John, Eli, Tor Åge, Ane, Stine, Lina, Harald, Anders, Joakim
Nyttårskonsert	7. jan		*Terje, Ingunn, Sidsel, Erling, Tommy, Thomas, Roar Ståle, John Inge, Linda, Johanne, Helene Basarkomite pluss Tove, Evy
Jubileumsfest	7. jan		*Styret og noteutval
Øvingshelg	3. 5. mar		*Styret
Årsmøte	14. mar		*Eigen oppnevnd komite
Tur i det blå	2. 4. jun		*Johan, Johanne, Erling, Inger, Evy, Terje, Rune, Eli, Laila B
Stormfestival	8. 10. sep		*Styret - noteutval
Sogn og Fj. m. skap	17. 18. nov		
Namn med *			føre er ansvarleg komitesamankallar.



Canon

Nordea

**På
kryss
og
tvers
med
VG**

Prøv VG-kryss **VANNRETT**

- 1 Blomst
- 5 Ildsted
- 6 Forsynt

LODDRETT

- 3 Pålegg
- 2 Sjødry
- 1 Tall
- 4 Søk

	1	2	3	4
1				
5				
6				

GOD JUL Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Pr. 11

12. årgang

Laussal: Gratis

Desember 2005

**GOD JUL OG
GODT NYTTAR TIL ALLE**



Torskangerpoll Musikklag ynskjer alle ei god jul og godt nyttår. Styret vil samstundes ynskje velkommen til juletrefest 28. desember, nyttårskonsert 7. januar og årsfest samme kveld. På bildet ser vi Sigrid, Margaret, Inger og Merete som på luciadagen møtte opp på øving med kake og gave til alle i korpsset.

www.torskangerpoll.no

Jakta på julebuska!

Julekrim av Lina Wåge

Det var ein gong tre kara som skulle ut å fange juletre. Han John-Vidar, han John-Inge og han John-Terje. Dei diskuterte treslag både lenge og vel, men vart tilslutt einige om at ei grøn, høg og slank furu måtte vere den finaste julebuska. Han John-Vidar valgte å ta med seg sag som angrepssvåpen, han John-Inge tok øks, medan han John-Terje tok med seg ei sleggsje. Undervegs delte dei seg, og avtalte å møtast heime med han John-Terje når alle hadde plukka med seg kvar sitt alternativ. Problemet var at dei tre karane gløymde kriteria for eit flott tre når dei skulle på jakte på eigahand. Han John-Vidar hugsa noko om at det skulle vere grønt, og saga med seg ei einebærbusk. Han John-Inge hugsa at det skulle vere høgt, og kom derfor attende med ein elg, som var det høgste han fann. Han John Terje hugsa at det skulle vere slant, og enda opp med å ta med seg ein hesjestaur som hadde stått der frå slåttånnja året før. Vel heime med han John-Terje samla dei seg for å sjå på fangsten, men vart skuffa når dei oppdagde at det ikkje var noko tre dei hadde fanga. Likevel valde dei å gjere det beste ut av det. Dei sette opp hesjestauraen hass John-Terje, pynta han med einebuskene hass John-Vidar, stoppa ut elgen hass John-Inge og brukte gevira til stjerne på toppen. Visst hadde dei

eit grønt tre som i tillegg var høgt og slant. Så vart det julekvelden med elgkjøt og akevitt, og dei tre karane levde lukkelege allje sine dage.



**Sprek,
oppegåane
og i godt
humør**

**Det vart ei
flott feiring
av Terje
Våge som
blei 50 år 6.
desember.**



Flotte luciadamer

**Snakk om gledeleg overrask-
ing!!**

På luciadagen, tirsdag 13. desember, fekk vi gledeleg og uventa besøk på musikkøvinga. Fire nisseluekledde og smilande damer kom innom Frelsesarmeens og forvandla øvinga om til jubileumsfest.

Dei fire nissane hadde med seg nydelege kaker, og gave til kvar musikant. Med nydelig dronningkake og marsipankake markerte

dei at Torskangerpoll musikklag er 85 år. Det var jammen kjekt.

Gavene var flotte notestativlys til kvar enkelt, som vi set stor pris på.

Og ikkje minst hadde dei med seg masse godt humør.

Tusen takk til Torskangerpoll Musikklag sin dameklubb og



Inger,

NYTTÅRS

Lørdag 7. januar

Kl. 17.00

i Samfunnshallen

med



K
O
N
S
E
R
T

TORSKANGERPOLL MUSIKKLAG

med solister - Dirigent: Idar Torskangerpoll

MÅLØY SONGLAG

Dirigent: Rolv Jakob Vedvik

Billetter: 100 / 50.-



Start det nye året med ein feiande flott nytårskonsert
med variert musikk av lokale amatørar

Juletrefest

Onsdag 28. desember kl. 18.00
på Våge/Oppedal grendehus

Ta med heile familien på treff i romjula.
Frelesesarmeen møter mannsterke og er
som vanleg i godt humør.

Torskangerpoll Musikklag spelar.
Gang rundt juletreet, og besøk av
nissen.

Kaffi, kaker og julebrød.

Sal av hjertelodd
Velkommen



Bli med på årsfest

Lørdag 7. januar
etter nyttårskonserten

Påmelding til
Evy Loen, Holvik: 90510910 - 57850817
eller hos
Oldeide Matsenter
Påmeldingsfrist: 2. januar 2005

Få med deg venner og meld deg på.

Det lyser i stille grender



Desember er tid for tenning av julegraner og adventsfestar. Første helga i advent var det tenning av granene både i Holvik og Vågsvåg. Her ser vi nokre stemningsbilder frå tenninga i Vågsvåg. Seinare på kveld kom snøen dalande ned og laga ei flott julestemning. Bilda er tekne av fotograf Hans Ole Færestrand.



Vredens Gnag sin julequiz 2005

Prøv deg på Vredens Gnags julequiz 2005, og vinn FLAX-lodd. Svar på oppgåvene, og kom fram til bokstavane vi spør etter. Når du har funne alle bokstavane, får du ei linje frå ein kjend julesong. Dei som finn rett linje og rett julesong er med i trekninga om 5 FLAX-lodd. Lukke til!

1.	Norsk statsminister i 1905:		Bokstav 1 i etternavn:
2.	Torskangerpoll ML arrangerer dette for sjette gang komande haust:		Bokstav 7:
3.	Vinner av årets Tippeliga:		Bokstav 7:
4.	Det høyeste fjellet i Afrika:		Bokstav 7:
5.	Vinner av cupfinalen for menn 2005:		Bokstav 5:
6.	Norsk krimforfatter som skriver om Harry Hole:		Bokstav 3 i etternavn:
7.	Han sang om "Vårherres klinkekuler":		Bokstav 4 i fornavn:
8.	Sang "Cheerio" i 1985, og "Tsjeriau" sammen med Ravi & DJ Løv i år:		Bokstav 6 i "hovednavn":
9.	Fotballag, kjent fra TVNorge		Bokstav 3:
10.	Programleiar i "Jakten på kjærligheten":		Bokstav 4 i fornavn:
11.	Spiller Willy Wonka i filmen "Charlie og sjokoladefabrikken":		Bokstav 6 i fornavn:
12.	Gjestedirigent på nyttårskonserten til Torskangerpoll ML:		Bokstav 2 i fornavn:
13.	Kunnskapsminister i Stoltenbergs regjering:		Bokstav 6 i etternavn:
14.	Leiar i Torskangerpoll Musikklag:		Bokstav 4 i etternavn:
15.	Hovedstad i Serbia&Montenegro:		Bokstav 4:

Klipp

Verselinje:

Julesong:

Namnet ditt:

Send til:

Vredens Gnag, Johan Einar Wåge, Vågsvåg, 6700 Måloy

Eller på mail til: erwaage@online.no